



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/917	Løpenr: 19/7975
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	24.10.2019	055/2019

Faste saker

24.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Samrøystes vedteke.

Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte:

Utkast til møteprotokoll frå kommunestyremøtet 17.10.2019 vart sendt ut 23.10.2019 til dei som møtte, men fristen deira for å koma med merknader/kommentarar er ikkje før fredag 25.10.2019. På grunn av dette gjekk punktet om godkjenning av møteprotokoll frå førre møte ut.

Delegerte vedtak/ referatsaker:

Ingen delegerte saker eller referatsaker.

Utvalet sitt kvarter:

Solveig Vassenden (Bl) gav ros til rådmannen for arbeidet ho gjer.

Brigt Olav Gåsdaal (Ap) tok opp spørsmål om midlar til trafikksikringstiltak. Han viste til at han nyleg har fått vita at kommunen har fått tilsegn om ein halv million kroner frå fylkeskommunen til eit trafikksikringstiltak (kryssingspunkt ved kyrkja på Ådland). Han viste til kommunen sin trafikksikringsplan, som inneheld diverse tiltak. Han spurde om det vert forventa at alle tiltaka i planen skal finansierast ved å søkja om fylkeskommunale/statlege midlar, eller om kommunen har sett av ein eigen pott i budsjettet til tiltak som er prioritert i trafikksikringsplanen. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet.

Interpellasjonar:

Kommunestyret slutta seg til forslag frå fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) om å handsama interpellasjonane frå Arild Røen (H) i slutten av møtet. Interpellasjonane vart handsama etter sak 069/2019.

Handsaming av interpellasjonane:

Arild Røen (H) las opp dei to interpellasjonane:

1. Eigedomsskatt næring
2. Vegar idrettsanlegg

Fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om at begge interpellasjonane vert oversendingsframlegg til administrasjonen, for vurdering i samband med budsjettet for 2020. Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegget til Øyvind Røen.

KS- 055/2019 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.